

Brannsjefen skal lage ein rapport om hendinga og innhentar opplysningar for andre. Direktoratet for Samfunnsikkerhet og Beredskap (DSB) var her i går, og eg var i møte med dei i 5,5 time. Dei er svært opptekne av denne hendinga for å lære og ventar difor på denne rapporten.

Det er 17 vegtunnelar i Aurland med ein samla lengde på 60 km. I tillegg har me sløkkjebistand til tre tunnelar i to av nabofylka mot Hol og Voss på 5 km.

Hendinga i trailerbrannen i Gudvangatunnelen 05.08.2013

- 12.00 Innringar frå mobiltelefon NN (ikkje sjåføren)
 - Trafikkulykke
- 12.02 Full alarm Aurland – stasjon Aurland og Gudvangen
- 12.02? Vakthavande brannsjef kvitterar moteken melding.
 - Fekk vite at det var brann i eit vogntog.
- 12.02 110 Sogn og Fjordane (B 1-7) varslar Vegtrafikkentralen (VTS) i Lærdal om å stengje tunnelen
- Brannsjefen overtek ansvaret og vakthavande brannsjef vert utpeika som røykdykkarleiar.
- 12.06 Brannsjefen ber om stadfesting på om brannventilasjonen går mot Gudvangen som bestemt på førehand, slik at brannvernet får frisk luft ved innrykking. Det er ein svært viktig føresetnad for ein rask sløkking av brannen og raskt komme i gang med evakuering av ev. personar som måtte vera inne i røyken.
- Brannsjefen snakkar med 110 S og F. Svært viktig om det skulle vera personar som ringjer inn fordi dei ikkje kjem seg ut, og be dei vera inne i bilane, ta fram kle, dynke med vatn og puste gjennom dette. Ikkje gå ut av bilane, men vent til dei vert berga ut.
- 12.07 VTS stadfestar brannventilasjon mot Gudvangen.
- 12.09 Melding om at bilen står ca. 3,5 km inne i tunnelen.
- 12.08 Melder til brannsjefen at brannventilasjonen går mot Gudvangen.
- 12.10 Melding til 110 S og F redningsbil ut med 5 røykdykkarar (RD) og brannsjef, brannbil ut med to RD/sjåførar og tankbil med 1 RD/sjåfør.
- Brannsjefen ber om bistand frå Bergen, Voss, Lærdal og at Årdal må vera i beredskap.
- 12.30 Brannsjefen er framme og ser brannen. Han tek ut brannsløkkingsapparat BS 134 som er 2730 m frå Langhuso (Flåm-sida).
 - Brannen var ca 60 m lengre inne. Første brannskap som vart opna var det lengre inn forbi brannstaden (difor melding om 3,5 km inne i tunnelen) Korrekt er at brannstaden var 2,8km inne.
- 12.33 Brannsjefen melder om at det er full fyr i vogntoget og RD er i gang med sløkking. Mange innringarar som melder at dei er inne i tunnelen.
- Brannsjefen ga beskjed til RDL at dei får starte søk og hente ut om det er personar i dei første bilane som me såg nødllyset på.
 - **RDL tek seg av detaljar i deira innsats frå hans rapport.**
- Brannsjefen ber om at Redningsbilen vert snudd og rygga inn for at RD- mannska ikkje skulle gå for langt.

- 12.38 Lærdal melder at dei er på veg med 3 bilar og 6 mann.
- 12.47 Bergen 110 melder om at det første helikopteret straks er på veg.
- 12.55. Brannsjefen melder om at brannen er slokken (berre litt gløding i motoren igjen).
- 12.58 Stadige meldingar om mykje folk inne i tunnelen som er på veg mot Gudvangen. Det står forlatne og kollisjonsskade køyretøy i tunnelen.
- Lærdal vert med i innsats med to RD- og kommandobilen /vaktbilen.
- Brannsjefen får vite av 110 S og F at ventilasjonen ikkje fungerer tilfredstillande. Dette oppdagar RD også. Dette må sjekkast grundig opp i i ettertid. Brannsjefen føreset at brannventilasjon har full ventilasjon heile tida.
- 13.44 Politiet melder om ein buss med 30 passasjerar som står inne i tunnelen, og passasjerane er på vandring mot Gudvangen. 110 S og F får stadfestinga, og held kontakt med ein personbil med 12 personar på veg ut av tunnelen i retning Gudvangen.
- 14.04 VTS Lærdal melder at viftekapasiteten har gått ned til 0,8 m/s pga av opning av fleire brannskap. VTS ber om at mannskapar på utsida "tvangskøyrer" ventilasjonen. Lærdal forsøker, men det går ikkje fordi systemet ikkje har lokal styring.
- 14.10 Brannsjefen melder om at svært mange er tekne ut av tunnelen på Flåm-sida
- 14.25 Logg frå Bergen 110 Dei meiner at tunnelen er tom for folk. Aurland har køyrt gjennom tunnelen. (med tre til fire bilar)
- 14.28 Aurland Brannvern var gjennom til Gudvangen og gav beskjed at det ikkje var fleire personar igjen inne i tunnelen.
- 14.38 Bergen 110 melder at mannskapar (frå Bergen og Voss) har køyrt gjennom tunnelen, og det er ingen fleire personar igjen.
- 14.38 Brannsjefen ber om bistand frå politiet på Flåm-sida for finsøk frå Flåm-sida og inn til skadestaden der det har vore friskluft heile tida.
- 14.39 VTS Lærdal melder om at kapasiteten på ventilasjon er på veg opp igjen etter at opna skap er blokkert.
- 21.12 Brannsjefen etterspør info om viftene som ikkje fungerte som dei skulle under aksjonen. Ønskjer denne informasjonen på e-post.
- 21.20 110 S OG F ringer VTS, og dei har logga det meste av ventilasjonsstyringa under aksjonen.

Ressursar brann :

- Aurland 13 personar og tre brannbilar, samt to småbilar på Flåm-sida og heilt gjennom + tre på Gudvangen-sida. Totalt 16 personar.
- Lærdal 5 personar og 3 bilar.
- Bergen 12 personar 4 timars apparat
- Voss 14 personar med ATV, hengar og luftbank.
- Årdal har beredskapen for Lærdal og Aurland.

Tre suksesskriterium for at denne innsatsen lukkast så enormt godt.

Denne brannen kunne ha medført at mange døde, og det er ikkje flaks slik som eg diverre sa rett etter at alle kom seg ut, men at følgjande kriterium slo til for fullt slik at ingen omkom i brannen:

- Frisk luft inn til skadestaden, slik at brannen kan sløkkjast kjapt og å starte enormt tidleg med RD inn for å evakuere folk. I Aurland er brannventilasjonen alltid slik at me kjem frå Aurland med frisk luft.
- Brannsjefen ga tidleg beskjed om at dei som er i køyretøy og ikkje kjem seg ut, er der til dei vert henta. Dei må ikkje gå ut i røyken. Det er farleg, for det er alt for langt for dei som er nærast skadestaden og heilt ut til Gudvangen.
- Godt trena mannskap. I Aurland har det vore svært mange bilbrannar, vogntogbrannar og bussar i vegtunnelar slik at mannskapa har rikeleg med erfaring frå slik RD- innsats. Aurland/Lærdal gjorde utruleg dyktig innsats, og berga personar utifrå heile tunnelen. Bergen /Voss føretok ettersøk når dei kom frå Gudvangen og inn til skadestaden, og Røde kors tok resten av tunnelen som var i frisk luftsona.

FORBETRINGS-PUNKT

- **Branntilsyn der avvika må lukkast snarast råd.**
- **Brannventilasjonen**
Brannsjefen fekk vite av 110 S og F at ventilasjonen ikkje fungerer tilfredstillande. Dette oppdagar RD også. (I ettertid er det også komme fram at det var fleire mindre røykproppar utover i tunnelen. Å komme fram med samtale 110- sentralen og eigne observasjonar av RD.) Dette må sjekkast grundig i ettertid. Brannsjefen føreset at brannventilasjon har full ventilasjon, som er ein føresetnad for rask evakuering. Det er svært viktig at det kjem mest mogleg oksygentilførsel i røyken, og at røyken kjem ut av tunnelen fortast mogleg. Det er berre brannsjefen som kan gje beskjed kva tid brannventilasjonen kan stengjast. Har bedt om Brannventilasjonsloggen (men ikkje fått den enda) og VTS loggen (den fekk eg rett før evalueringa).
- **Tunnelsamband**
Gudvangasambandet er gammalt og er ein kopparkabel som heng i taket. Den har nok smelta under brannen, slik at det ikkje var 2- frekvent redningskanal – samband med fagleiarane, og naudsentralen som er kopla opp (kan koplust opp på konferanse med alle naudsentralane). Brann/helsekanal får direkte samband med sine naudetatar, og mellom eigne styrkar og politikanalen, for samtale mellom politi lokalt og 112 sentralen. Med samband i bakken ville ikkje dette skjedd.

UTSTYR SOM VIL FORBETRA INNSATSEN

- Cobra skjæreslökkjar som kjem i den nye brannbilen.
- ATV med hengar og stor luftflaske for innsats i 4 timar, og fleire uttak for å kople på evakuerte personar.
- Tunnelbil som kan ha med seg store vifter der det ikkje er ventilasjon, slik som det er i 10 av 17 vegtunnelar i Aurland. Har den med Stor Ifex vasståkekanon, som har lang kasteevne som vil dempe varmen så raskt at brannvernet kjem til og sløkkjer på vanleg måte. Stor brann gjer enormt stor varmeutvikling. Rundhammartunnelen, så held dei øvingar med store ventilasjonsvifter, og Etne samt sikkert andre som òg har slik stor vasståkekanon.
- Anna utstyr er også aktuelt som oksygen, målar til oksygen i blodet ++++++++
- Anna utstyr vert vurdert seinare. DSB har bedt om særskilte innspel frå brannsjefen på dette og brannventilasjonen; korleis den gjekk i ulukka. Dette er enormt viktig!!!

Gudvangatunnelen

- Betre utstyr i tunnelen:
 - Opprusting etter EU- standard krav
 - Tunsafe som verkar eller videoovervaking

Til slutt!

Brannsjefen er enormt imponert over innsatsen til alle og takkar spesielt egne mannskapar, våre gode naboar i Lærdal, Voss og Bergen for hjelpa. Dette er formidla til dei. Takkebrev skal bli sendt også. Godt samarbeid med alle våre naboar og Bergen brannvesen spesielt!!!